



Arkivnr: 2014/15627-46

Saksbehandlar: Arve Aasland

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		07.02.2018
Fylkesutvalet		21.02.2018

**Handlingsplan for innfartsparkering 2018 - 2029****Samandrag**

Fylkestinget handsama 10. mars 2015 *Strategi for innfartsparkering fram mot 2030*. For å følge opp vedtaket om mellom anna ein auke i talet på innfartsparkeringsplassar frå ca. 2 500 til 6 000 i 2030 har det vore arbeidd med ein *Handlingsplan for innfartsparkering*. Føremålet med handlingsplanen er å gjere greie for:

- Organisering av arbeidet
- Ansvarsfordeling knytt til innfartsparkering mellom ulike, offentlege aktørar
- Prioriteringskriterier for val av prosjekt
- Status i utvikling av talet på plassar og bruken av desse
- Prioriteringsliste for aktuelle innfartsparkeringsprosjekt

Møter med Bergen kommune og omlandskommunane, samt Bane NOR og Statens vegvesen har stått sentralt i utviklinga av handlingsplanen. Som ein del av handlingsplanen vert det lagt fram ei prioriteringsliste der alle aktuelle prosjekt som er kome fram etter dialog med aktørane over er vist. Prioriteringslista inneholdt konkrete prosjekt som varierer frå mindre tiltak (skilting, oppmerking, informasjon) til større tiltak som krev formell plan. Oppfølging av handlingsplanen vil skje i samband med rullering av investeringsprogrammet for fylkesvegnettet for prosjekt utanom Bergen, medan aktuelle prosjekt i Bergen kommune vil bli teke opp i rullering av handlingsprogrammet for miljøloftet.

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om Handlingsplan for innfartsparkering.

**Økonomi:** Det ligg ikkje føre nøyaktige kostnadsoverslag for vidareutvikling av innfartsparkeringstilbodet, dette vil bli vurdert i dei årlege budsjettprosessane.

**Klima:** Innfartsparkering vil kunne redusere klimautsleppa frå biltrafikk i det sentrale Bergensområdet, men vil kunne føre til noko auke i ytterkantane.

**Folkehelse:** Innfartsparkering for sykkel vil kunne bidra positivt, det er ikkje venta at innfartsparkering for bil vil ha noen effekt på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Tiltaket er i tråd med Regional transportplan, vedteke av fylkestinget juni 17.

## Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek *Handlingsplan for innfartsparkering 2018-2029* og meiner at planen gir eit godt grunnlag for vidare utvikling av innfartsparkeringstilbodet.
2. Fylkesutvalet meiner det er viktig at staten ved Jernbanedirektoratet/Bane NOR og Statens vegvesen også bidrar til ein offensiv utvikling av innfartsparkeringstilbodet på sine ansvarsområder.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at handlingsplanen for innfartsparkering vert følgt opp i arbeidet med rullering av investeringsprogrammet for fylkesvegnettet og handlingsprogrammet for Miljøloftet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Handlingsplan for innfartsparkering 2018 - 2029
- 2 Møterapportar for Innfartsparkering kommunane

**Fylkesrådmannen, 24.01.2018**

### **1. Bakgrunn**

Fylkestinget handsama 10. mars 2015 *Strategi for innfartsparkering fram mot 2030*. Det vart mellom anna gjort vedtak om å følgje opp innfartsparkeringsstrategien gjennom handsaming av Handlingsprogram for kollektivstrategien og dei årlege plan- og byggeprogramma/ rullering av investeringsprogrammet for fylkesvegnettet.

I handlingsprogrammet til Regional transportplan Hordaland som vart vedteke av fylkestinget i juni 2017 er det teke inn følgjande tiltak (tiltak 7.5): «Utarbeide ein handlingsplan for innfartsparkering som oppfølging av Strategi for innfartsparkering for bil og sykkel, deretter setje i verk tiltak.»

### **1.2 Organisering av arbeidet**

Fylkesrådmannen legg med dette fram *Handlingsplan for innfartsparkering* (jf. vedlegg 1). Føremålet med handlingsplanen er å gjere greie for:

- Organisering av arbeidet
- Ansvarsfordeling knytt til innfartsparkering mellom ulike offentlege aktørar
- Prioriteringskriterier for val av prosjekt
- Status i utvikling av talet på plassar og bruken av desse
- Prioriteringsliste for aktuelle innfartsparkeringsprosjekt

Arbeidet fram mot handlingsplanen og vidare er delt i opp ulike arbeidspakkar, mellom anna strakstiltak, dokumentasjon av bruk og forslag til nye innfartsparkeringsplassar for bil og sykkel. Vidare vert fylkeskommunen sitt hovudansvar for større, overordna plassar lagt til grunn for arbeidet.

### **1.3 Møter med Bergen og omlandskommunane**

Møter med 13 omlandskommunar rundt Bergen (samt Bergen kommune) har vore ein sentral del av arbeidet. Rapporter frå møta med kommunane er lagt ved som vedlegg til denne saka. Møteserien har hatt ei todelt målsetting:


- Finne kommunale parkeringsareal som kan ha funksjon som innfartsparkering
- Ønske om at kommunane gir innspel til nye prosjekt på kort og lang sikt

Følgjande kommunar har teke del i møteserien:

Fjell	Øygarden	Sund	Askøy	Meland
Radøy	Lindås	Osterøy	Vaksdal	Voss
Samnanger	Os	Austevoll	Bergen	

### **1.4 Status og prioritering**

Status i bruken av plassar viser at det samla sett for alle innfartsparkeringsplassar i Bergensområdet er ledig kapasitet, ved at belegget varierer mellom 60 og 70 prosent. Samstundes er fleire av anlegga jamt over fulle, både i sør, vest og nord. Merk også at beleggstala vil kunne variere på grunn av anleggsverksemd ved fleire av plassane i tida framover.



Figur 1: Utvikling i talet på innfartsparkeringsplassar.

Fylkestinget si handsaming av innfartsparkeringsstrategien resulterte i eit vedtak om at talet på plassar skulle aukast frå ca. 2 500 opp til 6 000 fram mot 2030. Dersom ein legg til grunn ei jamn, årleg utvikling i talet på plassar fram mot 2030 – føljer utviklinga den planlagde kurva, jf. Figur 1. Dette vert primært sikra gjennom å formalisere eksisterande kommunale areal (i samråd med kommunane) til bruk i innfartsparkeringssamanhang, og omfattar mindre tiltak som oppmerking, etablering av ladefasilitetar, skilting og marknadsføring.

Det er bygd fleire parkeringshus for sikker sykkelparkering ved kollektivknutepunkt i Bergen kommune, samt på Askøy i tilknyting til kaien på Kleppestø. Status i bruken av plassane for sikker sykkelparkering viser at det er mykje ledig kapasitet. Eit prioritert tiltak på kort sikt er meir og bedre marknadsføring av anlegga for sikker sykkelparkering som er etablert ved kollektivknutepunkta. Det er starta opp eit arbeid med å revidere gjeldande sykkelstrategi for Bergen. Gjeldande sykkelstrategi for Bergen 2010 – 2019 vart vedteke av bystyret i april 2010. Det blir lagt til grunn at innfartsparkering for sykkel blir eit tema i den kommande revisjonen av strategien.

## 1.5 Prioritering

Samarbeidet med kommunane og andre offentlege etatar har resultert i ein oversikt over aktuelle innfartsparkeringsprosjekt. Det er utarbeidd ei liste med over 80 aktuelle prosjekt for oppfølging, desse prosjekta er igjen delt inn i 3 hovudprioriteringar med 1 som høgste og 3 som lågaste prioritet.

- Det vert arbeid med avklaring på prosjekt med Prioritet 1 i 2018 og 2019
- Prosjekt med prioritet 2 ventast avklaring på i 2019 og 2020
- Prosjekt med prioritet 3 er registrerte prosjekt utan klart avklaringstidspunkt.

Handlingsplanen presenterer eit sett med prioriteringskriterier som vil bli nytta til å prioritere mellom ulike prosjekt. I tillegg til dette vert særleg 4 område trekt fram:

- Styrking av innfartsparkeringskapasiteten i Åsane
- Behov for styrking av innfartsparkeringstilbodet i Arna
- Marknadsføring av sikker sykkelparkering
- Etablering av betalingsløysingar for å opne opp deler av Birkelandsskiftet og Storavatnet innfartsparkeringsplassar

### **1.6 Finansiering**

Når det gjeld finansiering og oppfølging av handlingsplanen så vil fylkesrådmannen kome attende med dette i samband med den årlege rulleringa av *Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan for Hordaland 2018 – 2029* for prosjekt utanom Bergen og i samband med rullering av *handlingsprogrammet for miljøløftet* for prosjekt i Bergen kommune.

Handlingsplanen presenterer eit grovt kostnadsestimat for etablering av dei resterande 2 000 innfartsparkeringsplassane, basert på erfaringstal for byggekostnader. Det er likevel betydeleg uvisse knytt til tala, då desse er avhengig av mellom anna fordelinga mellom flateparkering og p-hus, kostnader til grunnerverv og grunnforhold.

Type parkering	Tal plassar	Kr per plass	Kostnad mill. kr
P-hus	1 000	350 000 - 500 000	350 - 500
Flateparkering	1 000	50 000 - 70 000	50 - 70
Totalt	2 000		400 - 570

### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Fylkesrådmannen vil vise til at *Handlingsplan for innfartsparkering* legg fram ei rekke ulike forslag til prosjekt for å auke talet på innfartsparkeringsplassar i Bergensområdet. Det bør peikast på at prosjektlista er utarbeidd i samarbeid med dei aktuelle kommunane, og såleis omfattar dei areal som fylkeskommunen og kommunane i fellesskap vurderer som mest aktuelle for gjennomføring.

Prioritering mellom aktuelle prosjekt vil skje etter dei prioriteringskriteria som er vist i handlingsplanen. I tillegg til dette vil fylkesrådmannen særleg trekke fram Arna og Åsane som fokusområde, saman med marknadsføring av sikker sykkelparkering og betalingsløysingar som kan gjøre plassar med ledig kapasitet tilgjengeleg for alle.

Fylkesrådmannen legg til grunn at innfartsparkering for sykkel blir eit tema i den kommande revisjonen av sykkelstrategi for Bergen. På kort sikt støtter fylkesrådmannen opp om tiltaket om meir og betre marknadsføring av anlegga for sikker sykkelparkering som mellom anna er etablert ved kollektivknutepunkta.

Fylkesrådmannen merkar seg at utviklinga i talet på innfartsparkeringsplassar er i takt med ein jamn auke fram mot 6 000 plassar i 2030. Her bør det likevel peikast på at auken fram til no i stor grad er basert på inkludering av eksisterande p-arealet til innfartsparkeringsføremål, i samarbeid med den einskilde kommunen. Det er derfor grunn til å forvente at både areal- og ressursbehov vil vakse markant i tida framover for å nå målsettinga om 6 000 innfartsparkeringsplassar i 2030. For 2018 finn fylkesrådmannen likevel at dei 3 millionane som er sett av til innfartsparkering i investeringsprogrammet som tilstrekkeleg, då mykje av arbeidet i 2018 vil omhandle planlegging av nye tiltak og opp gradering av eksisterande.

Når det gjeld ressursbehov generelt, så vil fylkesrådmannen peike på at innfartsparkering er eitt av fleire kollektivtiltak, der parkering må balanserast mot andre kollektivtiltak, til dømes terminalar, haldeplassar og framkomsttiltak.

Fylkesrådmannen legg til grunn at oppfølging av handlingsplanen vil skje i samband med rullering av investeringsprogrammet for fylkesvegnettet for prosjekt utanom Bergen, medan aktuelle prosjekt i Bergen vil bli teke opp i rullering av handlingsprogrammet for miljøloftet.

Avslutningsvis bør det også nemnast at fylkesrådmannen legg til grunn at vegeigarprinsippet også skal gjelde ved vidare utvikling av innfartsparkeringstilbodet. Dette betyr at Statens vegvesen har ansvaret for innfartsparkering som ligg til riksveg/ har riksvegfunksjon, mens Jernbanedirektoratet/ Bane NOR har ansvaret for parkering knytt til jernbana. Fylkeskommunen har ansvaret for koordinering av utvikling av det samla innfartsparkeringstilbodet (inkludert marknadsføring og ev. parkeringskontroll), samt parkering som ligg til fylkesveg og annan fylkeskommunal infrastruktur. Kommunane vil då ha ansvaret for i hovudsak mindre, lokale plassar, i tillegg til å vere planstyresmakt.

Fylkesrådmannen vil følgje opp handlingsplanen i samband med dei årlege rulleringane av investeringsprogrammet for fylkesvegnettet og handlingsprogrammet for miljøloftet.